



Kvinnherad Breiband vart tildelt Målblomen 2019 på årsmøte i Kvinnherad mållag i Gamleskulen i går.

Kvinnherad mållag hadde årsmøte i Gamleskulen i går kveld. Ny i styret er Arne Torget. Kristian Bringedal held fram som leiar og Eli Roseth Eik er 1. varamedlem i styret. Øystein Skjæveland frå Herøysundet er nestleiar. Kvinnherad Breiband fekk Målblomen for 2019.

Kvinnheraad Breiband er ein verdig vinnar av Målblomen. Verksemda har over tid synt positiv vilje til å bruka målforma nynorsk i all kommunikasjon internt i organisasjonen og mot kundar og brukarar. I grunngjevinga vert det mellom peika på arbeidet deira med å finna gode norske avløyssarord for fagord og ofte engelske omgrep. Eit døme på dette er ordet heimesentral for det som vert kalla Residential Gateway (RG).

Årsmeldinga syner god aktivitet. Laget har 150 medlemmer og økonomien er god. Mållaget vil halda fram med å premiera avgangselevar på ungdomsskulane som skriv god nynorsk. Arbeidet med den digitale songboka held fram. Mållaget vil sjå til at Kvinnherad kommune held seg til vedteken Målbruksplan. Saman med lokalavisene vil ein tilby språkvask og støtte i høve til næringslivet og nynorske lysingar.

Kvinnherad mållag brukar Uskedalen som base for alle sine møte.

Styret 2019:

- Kristian Bringedal - leiar
- Styremedlem Øystein Skjæveland
- Styremedlem Anne Karin Fonneland
- Styremedlem Gaute Lund
- Styremedlem Arne Torget
- Varamedlem Eli Roseth Eik
- Varamedlem Morten Nygård

Lars Børge Sæberg går ut av styret, men held fram som rekneskapsførar

Styret vert konstituert på fyrste styremøte, måndag 4. mars.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Thor Inge Døssland/ Lars Børge Sæberg



Styret i Kvinnherad Mållag. Framme: Eli Roseth Eik og Anne Karin Fonneland. Bak: Kristian Bringedal, Øystein Skjæveland, Gaute Lund og Arne Torget.